



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 03.05.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00 - 13.55

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 25.04.17 og møtet var kunngjort i pressa 04.04.17.

Formannskapet hadde pause frå kl. 10.50 - 11.00 og frå kl. 12.00 - 12.20.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Knudsen	SP	Varameldem
Henriette Fennelly	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Per Kristian Holmetun	SP
Sigmund Larsen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Kari Anne Iversen, næringsrådgjevar John Fredrik Wallace, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollførar: Randi Hilland

5. mai 2017

Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
44/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
45/2017	Godkjenning av møtebok
46/2017	Referatsaker
47/2017	Aktuelle saker
48/2017	Orientering av rådmannen
49/2017	Orientering om status kommunestruktur
50/2017	Økonomisk rapportering mars 2017
51/2017	Rekneskap og årsmelding 2016
52/2017	Kontaktutval mellom Meland kommune og næringsliv
53/2017	Høringsuttale om hjelpemiddelformidling
54/2017	Hjartestartarar i Meland kommune
55/2017	Brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås

44/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

03.05.2017 FORMANNSKAPET

FS - 44/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

45/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok frå møte 29.03.17 vert godkjent."

03.05.2017 FORMANNSKAPET

FS - 45/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Møtebok frå møte 29.03.17 vert godkjent."

46/2017: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldingane vert tekne til orientering."

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Anne Grete Eide:

I førre formannskapsmøte stilte eg spørsmål om kva det ville koste å utvide tilbodet til sømjeundervisning for elevar ved Vestbygd skule i bassenget på Rosslund skule.

Administrasjonen vil undersøkje dette.

Sølvi Knudsen:

Stilte spørsmål om skriv nr. 3 - referat frå styringsgruppemøte for Byregionprosjektet - kva er føremålet?

Ordførar svara at formannskapet er styringsgruppe. Føremålet er regionsenterutvikling, m.a. utvikle sykkel- og gangvegar, næringsutvikling og bustad-/bumiljø. Prosjektet skal avsluttast sommaren 2018.

Nils Marton Aadland:

Bassenget på Rosslund - ønske om å gjere det tilgjeng for alle.
Administrasjonen svarte at garderobeanlegget må oppgraderast. Dette arbeidet er i gang.

Marit Jøssang:

Er det forståing i Statens vegvesen på synspunkt på vegbreidda på dei planlagde vegstrekningane, spesielt Fosse-Moldekleiv.
Ordførar svarte at dei tok signala - men at det er slik standard på vegar som vert bygd no. Det hasta med framdrift.

Ønske om at prosjektleiar for Nordhordlandspakken kjem på neste møte i formannskapet.

Marit Jøssang meinte at godkjente planar som er frå 2009 er utdaterte, og at dette er eit problem.

FS - 46/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Meldingane og orienteringane vert tekne til orientering."

47/2017: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Øyvind H. Oddekalv:

Reguleringsplan for Holme har vore handsama i UDU og skal handsamast i kommunestyret 10. mai.
Bør invitere Statens vegvesen til dette møtet i forhold til planlagt undergang og generell orientering.
Det bør kunne lysregulerast slik ein har gjort på Alverflaten.

Arbeid i gang med møteplan for hausten.

Innkalling til Nordhordlandstinget 15. mai vert sendt ut så snart den ligg føre.

Det vart diskutert om ein skulle ha kommunestyremøtet 14. juni i klubbhuset i Leirdalen eller i rådhuset. Ordførar og rådmann avgjer dette.

Vassleidning Rosslund-Landsvik - hadde det vore mogeleg å få til ein avtale med Statens vegvesen om å utvide vegbreidda på delar av vegen?
Administrasjonen er i dialog med vegvesenet.

Kari Anne Iversen:

Sak - kyrkjetomt på Frekhaug. Møtet var lukka under denne orienteringa med tilvising til Kommuneloven § 31.3.

Henriette Fennelly:

Kva tid er det tenkt oppstart av arbeidet på undergangen på Holme?

Administrasjonen svarte at saka skal opp i kommunestyret på møtet 10. mai.
Kommunen skal forskotere prosjektet, men det må først kome eit positivt vedtak.

Marit Jøssang:

Grunna lastebil-aksjon rundt Bergen var det for liten kapasitet på båttilbodet til Bergen denne dagen.
Kva kan gjerast for at passasjerar ikkje vert ståande att på kaien.

Informasjonsansvarleg i Skyss uttalte at det ikkje var noko problem, då dette var ein spesiell situasjon. Kapasiteten skal tilpasse behovet fortløpande.
Ny ruteplan frå hausten, der det vert korrespondanse buss/båt.

Sølvi Knudsen:

Kven har ansvaret for å skaffe ein miljøvennleg båt.

Administrasjonen svarte at når det gjeld ferjetrafikk så vert det lagt inn miljøkrav i anbudet. Prosjekt i gang for å utvikle miljøvennlege hurtigbåtar.

FS - 47/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

48/2017: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Kari Anne Iversen:

- Perioden for realfagprosjektet vert forlenga. Dersom formannskapet ønskjer det kan skulefagleg rådgjevar kome og orientere om prosjektet.
- Kommunen er blitt godkjent som lærebedrift i bygg/drifts-fag.
- Lønnsoppgjeret er avslutta – ramme på 2,4 %, 0,9 % til lokale forhandlingar i kap. 4.

- Arbeids- og sosialdepartementet har sendt på høyring forskrift om arbeidstid for avlastere. Konsekvensar for kommunen dersom avlasting vert definert som arbeid i staden for oppdrag. Kommunen har motteke ei stevning - går mot rettsforlik.
- Oppretta ny fastlegeheimel på Helsenauftet. Kommunen lyser ut og tilset. Alle legeheimlar er fulle, og det kjem klage på at innbyggjarar ikkje får fastlegeavtale.
- Prosess i gang med felles barnevern Meland. Radøy og Lindås. Radøy vert vertskommune - plassering vert i Knarvik.
- Rullering av kommuneplanen sin arealdel.
Det vart gitt ei orientering om status.

Sølvi Knudsen stilte spørsmål om overskotsmassar kan brukast til å lage parkeringsplassar i tilknytning til område for friluftsliv.

Sak framdrift Langelandskogen på neste møte i formannskapet.

Planprogram E39 vert sendt ut på ny høyring 9. mai.

Temaplan for barn og unge - liten framdrift pga kapasitetsproblem.

Ordførar foreslår at ein signaliserer at formannskapet stiller seg positiv til at det vert leigd inn eksterne ressursar for at planen skal ha framdrift.

Anny Bastesen orienterte skriv som skal sendast til Statens vegvesen - Førespurnad om vurdering av forkjørsregulering av Havnevegen Meland kommune.

Formannskapet godkjenner skrivet, men stilte spørsmål om ein har vurdert å ta med heile Mjåtveitvegen som forkjørsveg.

Når det gjeld gangfelt t.d. i Frekhaugområdet, så er det Statens vegvesen som avgjer det.

Trafikksituasjonen i Frekhaug senter er problematisk.

Administrasjonen vart beden om å sende ein forespørsel til Statens vegvesen om ein ekstra overgang.

Invitere Statens Vegvesen til møte med senterforeninga og kommunen for å drøfte problematikken.

John Fredrik Wallace orienterte om sentrumsarealet i Frekhaug.

Anny Bastesen orienterte om at det er kome ekstra midlar til vedlikehald av kommunale bustader.

Sak oppe i UDU i april, der kommunen vert invitert til å søkje om tilskot til utbygging av breiband.

UDU gjorde vedtak om prioriterte område.

Søknaden står sterkare dersom kommunen set av kommunale midlar.

FS - 48/2017 VEDTAK:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

49/2017: Orientering om status kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar orienterte:

Det er vald ulike politiske komitéar.

Endeleg fellesnemnd vert vald i kommunestyremøte 14. juni.

§25-møtet er under planlegging.

Dato for felles kommunestyremøte for dei tre kommunane vert 22. juni kl. 12.00 i Lindåshallen.

FS - 49/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

50/2017: Økonomisk rapportering mars 2017

Rådmannen sitt framlegg:

«Budsjettrapport per mars 2017 vert teken til vitande»

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - 50/2017 VEDTAK:

«Budsjettrapport per mars 2017 vert teken til vitande»

51/2017: Rekneskap og årsmelding 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2016 i samsvar med revisor si melding med eit mindreforbruk på kr 8.970.065, som vert å avsetje til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

Fellesframlegg til endring av vedtak i møtet:

"mindreforbruk" vert endra til "overskot" på kr

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med ovannemnde endring vart samrøystes vedteke.

FS - 51/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2016 i samsvar med revisor si melding med eit overskot på kr 8.970.065, som vert å avsetje til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

52/2017: Kontaktutval mellom Meland kommune og næringsliv

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet godkjenner oppretting av Kontaktutvalet, og utnevner utvalet som det er framlegg om.

Formannskapet vil bli informert om aktuelle saker frå utvalet.

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg til endring av vedtak i møtet:

Formannskapet er svært positiv til oppretting av

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med ovannemnde endring vart samrøystes vedteke.

FS - 52/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet er svært positiv til oppretting av Kontaktutvalet, og utnevner utvalet som det er framlegg om.

Formannskapet vil bli informert om aktuelle saker frå utvalet.

53/2017: Høyringsuttale om hjelpemiddelformidling

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån. Retten til hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne må ikkje vere avhengig av kommuneøkonomi og geografisk lokalisering.

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

Kommunestyret støtter intensjonen om å overføre ansvar for hjelpemiddelformidlingen frå stat til kommune.

Det blir lagt til grunn at staten kompenserer kommunane sine utgifter til tiltaket.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for, (2 AP, SP, KrF, FrP, V), 1 røyst mot og er såleis vedteke.

Framlegg til vedta frå Nils Marton Aadland fekk 1 røyst for, (H), 6 røyster mot, og fall.

FS - 53/2017 FRAMLEGG TIL VEDTAK (MOT 1 RØYST):

Kommunestyret meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån. Retten til hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne må ikkje vere avhengig av kommuneøkonomi og geografisk lokalisering.

54/2017: Hjartestartarar i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet har vurdert tilbodet frå Røde Kors Førstehjelp om kjøp av hjartestartarar, men finn med bakgrunn i ei totalvurdering å måtte takke nei til tilbodet.»

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg i møtet:

Meland kommune går til innkjøp av to hjartestartarar. Desse skal lokaliserast til Meland kyrkje og ved Grasdal skule.

Innkjøp og installasjonskostnad vert trekt frå disposisjonsfondet. Økonomisk ramme for tiltaket er inntil kr 40 000,-.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 54/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meland kommune går til innkjøp av to hjartestartarar. Desse skal lokaliserast til Meland kyrkje og ved Grasdal skule.

Innkjøp og installasjonskostnad vert trekt frå disposisjonsfondet. Økonomisk ramme for tiltaket er inntil kr 40 000,-.

55/2017: Brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17»

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Tilleggsframlegg frå Marit Samnøy Jøssang

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.

FS - 55/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17.

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.
